



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Steigedal, 71 25 84 80

Rauma kommune - oppstartsmelding om oppretting av tre skogvernområde

Statsforvaltaren melder med dette oppstart av arbeid med frivillig vern av skog i Rauma kommune. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet, og er ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern. Meldinga er i samsvar med naturmangfaldlova § 42.

Tilbodet om vern omfattar desse tre områda og kjem frå følgjande eigedommar i Rauma kommune:

- Skorgedalen – gnr/bnr 30/2 og 9 på 435 dekar.
- Grisetlia – gnr/bnr 92/3 på 411 dekar.
- Setnesaksla-Hanekamhaug – gnr/bnr 7/1, 2 og 3 på 904 dekar.

Det omfattar eit samla areal på ca. 1750 daa skog. Områda er vurdert som lite eigna for skogsdrift. Gjennom denne meldinga er det ønskeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av områda samt kulturverdiar og anna som kan vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneplanprosess er fleire naturtypekartleggingar i kommunane av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder m.fl. i Miljøfaglig Utredning. To av områda er registrert med rik edellauvskog som er ein mangel i skogvern i Møre og Romsdal, samt boreal lauvskog med store ospetre. Naturtypelokalitetane er verdsett til verdi A (svært viktig). For meir informasjon sjå kart.naturbase.no.

Hovudformålet med vern er å sikre biologisk verdfulle skogsområde som ein del av naturarven. Vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Dei naturfaglege data viser at områda har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder Statsforvaltaren oppstart av ein verneplanprosess for områda. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser områda, både oversiktskart og detaljkart for det enkelte området (./.).



Dette brevet med kart er lagt ut på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter denne innspelsfasen vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post sfmrpost@statsforvalteren.no.

Fristen for å kome med merknader/innspel til oppstartsmeldinga er 15.02.2022.

Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg. Melding om oppstart vert også kunngjort i avisene Åndalsnes avis og Sunnmørsposten.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar naturforvaltning

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Kart Setnesaksla Hanekamhaug i Rauma kommune

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	TRONDHEIM



Mottakere:

MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
RAUMA KOMMUNE	Vollan 8A	6300	ÅNDALSNES
Leif Andor Ramsdal	Smalebakken 15	6103	VOLDA
STATENS VEGVESEN VEGDIREKTORATET	Postboks 8142 DEP	0033	OSLO
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
RAUMA ENERGI NETT AS	Strandgata 138	6300	ÅNDALSNES
Geir Andreas Hanekamhaug	Hanekamhaug 65	6300	Åndalsnes
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE



NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
SABIMA	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO



Oddrun Torvik

V/Leif Andor Ramsdal,
Smalebakken 15, 6103 Volda,
Død

Ole Christian Ødegård
FORUM FOR NATUR OG
FRILUFTSLIV I MØRE OG
ROMSDAL

Hanekamhaug 52
Idrettsvegen 2

6300 ÅNDALSNES
6413 MOLDE

STATENS VEGVESEN
NORGES TEKNISK-
NATURVITENSKAPELIGE
UNIVERSITET NTNU

Postboks 1010 Nordre Ål
Høgskoleringen 1

2605 LILLEHAMMER
7491 TRONDHEIM


LUFTFARTSTILSYNET
NORGES
ORIENTERINGSFORBUND
NORSK SAU OG GEIT
NATUR OG UNGDOM

Postboks 243
Postboks 5000


8001 BODØ
0840 OSLO

Postboks 104
Postboks 4783 Sofienberg

1431 ÅS
0506 OSLO



Kartverket, Geovekst, kommuner og OSM - Geodata AS



Dette er et brukergenerert statisk kart fra GisLink og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON



Tegnforklaring



Grisetlia avgrensing




Gråtonekart

GeocacheGråtone

Notater



Kartverket, Geovekst, kommuner og OSM - Geodata AS



Dette er et brukergenerert statisk kart fra GisLink og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON

Tegnforklaring


Setnesaksla Hanekamhaug
avgrensning




Gråtonekart

GeocacheGråtone

Notater



Kartverket, Geovekst, kommuner og OSM - Geodata AS



Dette er et brukergenerert statisk kart fra GisLink og skal kun brukes som referanse. Vi kan ikke garantere at kartdata er nøyaktige.

SKAL IKKE BRUKES TIL NAVIGASJON



Tegnforklaring

Skorgedalen tilbudsgrensing



Gråtonekart

GeocacheGråtone

Notater